
Saksnr: 2020/49137-17
Saksbehandler Matti Torgersen
Dato: 09.03.2021

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet
Fylkesutvalet


Frå: Fylkesrådmannen

Kvalitetssikring (KS2) av revidert Bømlopakke

Revidert Bømlopakke har vore til ekstern kvalitetssikring (KS2). Atkins Norge og Oslo Economic har gjennomført kvalitetssikringa. Dette notatet omtalar hovudkonklusjonar. Rapporten følgjer vedlagt.

Bømlopakken har i dag innkrevjing på Spissøy ved grensa til Stord kommune og på ferjesambandet Buavåg- Langevåg. I ny pakke er bomstasjonen ved Spissøy og innkrevjinga på ferjesambandet Buavåg- Langevåg føreslått vidareført, i tillegg til at det er lagt opp til å opprette 4 nye bomstasjonar rundt Svortland. Takstane vil bli reduserte i høve dagens nivå.

Det er lagt til grunn å fullført 5 prosjekt som heilt eller delvis ikkje vart bygde i noverande pakke, i tillegg til ei liste med reserveprosjekt. I kartet under er dei grøne prosjekta dei 5 prioriterte prosjekta, mens dei blå er på reservelista. Det er lagt opp til investeringar på til saman 853 mill. kr, der 310 mill. kr. er til mindre investeringar/reserveprosjekta. Pakka skal i tillegg dekkje restgjelda frå noverande pakke. Kartet under viser prosjekta og bomstasjonane.



Atkins Norge og Oslo Economic har teke sikte på svare på følgjande problemstillingar:

- Er revidert pakke i tråd med tidlegare fastsette mål?
- Trafikkgrunnlaget og dei element i finansieringsplanen som er relatert til trafikkgrunnlaget
- Kostnad knytt til nye bomstasjonar opp mot forventa inntekt og nytteeffektar av endringa samanlikna med ei vidareføring av dagens bomstasjon og innkrevjing
- Kostnad og framdriftsplan for prosjekta
- Finansieringsevna for pakka
- Samla usikkerheit og gjennomføringsplan
- Porteføljestyring (1) fast 15 års bompengerperiode og (2) moglekeit for forlenging av bompengerperiode og takstauke

Nokre viktige konklusjonar er:

- Revidert Bømlopakke gir betre samsvar med nytteprinsippet om at det skal vere samsvar mellom dei som betalar og har nytte av prosjekta. Ved ny pakke vil det vere fleire som har nytte av prosjekta som er med å betale.
- Det er stor usikkerheit til trafikkgrunnlaget og til dei føresetnader som er gjorde om fritakspasseringar. Konsulenten har i hovudsak bygd på dei same trafikkføresetnadene som i søknaden. Det er lagt til grunn litt høgare trafikkauke enn i søknaden, samt noko mindre svinn. Vidare har dei lagt til grunn lågare rente enn i bompengesøknaden
- Konsulent har lagt til grunn ei auke i elbildel som er føresett i NTP-utrekningane med stadig fleire elbilar. Utan justering av takstar vil det kunne føre til eit inntektsbortfall på om lag 120 mill. kr. I bompengesøknaden er det lagt til grunn uendra elbildel.
- Kvalitetssikrar har kalkulert netto bompengar til 1 513 mill. kr om det ikkje blir justert opp til gjennomsnittstakst, mens det er i prosjektet kalkulert med 1 689 mill. kr. Skilnaden skuldast hovudsakleg føresetnadene om elbilfinansiering.

- Ny pakke vil gje 175 mill. kr meir i netto bompengeinntekter samanlikna med vidareføring av dagens bompengeopplegg. Usikkerheita er større med ny pakke, men nytteprinsippet er betre ivaretaken i ny pakke.
- Kostnadene for prosjekta er vurderte til om lag 100 mill. kr høgare enn i bompengesøknaden ut i frå at prosjektet har ein relativt låg løpemeterpris.
- Konsulenten meiner at pakka har finansieringsevne til å gjennomføre dei fem prioriterte vegprosjekta. Konsulenten meiner det er stor sannsynlegheit for overskridning av fylkeskommunal garanti ved realisering av heile restportefølja. Det vert difor rådd til å avvente å setje i gang delar av restportefølja.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Rapporten viser til at det vil vere ein del usikkerheit både til trafikkgrunnlag og kostnader for prosjekta. Fylkesrådmannen registrerer likevel at kvalitetssikringa viser at finansieringa av revidert Børmlopakke er robust i den forstand at hovudprosjekta og i alle fall store delar av restportefølja vil kunne finansierast. Dette stiller store krav til styring av pakken.

Vegdirektoratet har kommentert føresetnadene som konsulenten har gjort knytt til nullutsleppskøyretøy. Dei skriv m.a.

«.... det er mest riktig å legge til grunn dagens andel nullutslippskjøretøy i beregningen og deretter styre på gjennomsnittstakst. Dette fordi det er stor usikkerhet i takten på utskiftingen av kjøretøyparken, hvilke endringer som vil måtte gjøres i takst- og rabattsystemet og når dette vil skje.»

Brevet følgjer vedlagt.

Ut frå uttalen til Vegdirektoratet, er det etter fylkesrådmannen si meining ikkje grunn til å endre føresetnadene for nullutsleppskøyretøy.

Når det gjeld kostnadene for prosjekta, vil fylkesrådmannen legge opp til nye kostnadsanslag for dei dyraste prosjekta i pakken etter at pakken er godkjent.

Det er Samferdselsdepartementet som legg fram proposisjon for Stortinget. Etter det fylkesrådmannen kjenner til, legg departementet opp til å fremje proposisjon i løpet av vårsemesteret 2021.